
Fra: Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>
Sendt: 28. januar 2016 10:18
Til: Postmottak Meland
Emne: Blom Fiskeoppdrett AS - søknad om Dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet

Meland Kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region Vest
Vår referanse: 15/9001
Dykkar referanse:
Vår dato: 27.01.2016
Dykkar dato: 04.01.2016

Att: Anne-Lise Næs Olsen

BLOM FISKEOPPDRETT AS - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFORMÅLET I KOMMUNEPLANEN OG KONSEKVENSUTGREIING FOR FLYTTING AV BLOM FISKEOPPDRETT FRÅ LAKSEVIKA TIL TROLLHOLET

Vi viser til brev av 04.01.2016 frå Meland kommune som gjeld søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av matfiskanlegg frå lokalitet 10080 Laksevika til ny lokalitet ved Trollholet.

Fiskeridirektoratet region Vest tilrår at Blom Fiskeoppdrett AS får dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen slik at dei kan søke ny lokalitet ved Trollholet som erstatning for lokalitet 10080 Laksevika.

Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS har søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av matfiskanlegget i Laksevika til sjøområde ved Holmeknappen. Bakgrunn for søknaden er at anlegget i dag ligg innanfor eit militært forbodsområde der forsvaret set restriksjonar til arealbruk som ifølgje Blom Fiskeoppdrett AS hindrar dei ifrå å gjere tekniske endringar av anlegget. Ifølgje søknaden medfører dette i praksis at Blom Fiskeoppdrett AS ikkje kan forholde seg til teknisk regelverk (NYTEK) som krev endringar i fortøyingsliner/vinklar. Dei har heller ikkje høve til å endra anleggskonfigurasjon frå stålanlegg til plastringanlegg, med tilhøyrande rammefortøying for å få eit meir rømingssikkert anlegg.

Etablering av akvakulturverksemde ved Holmeknappen er ikkje i samsvar med kommunen sin arealplan og jf. Akvakulturlova § 15 kan akvakulturløyve ikkje gjevast i strid med arealplan som er vedteke etter Plan- og bygningslova. Blom Fiskeoppdrett AS må såleis først søkje Meland kommune om dispensasjon frå arealplanen før dei kan sende endelig søknad til Hordaland Fylkeskommune om løyve for etablering av anlegg på ny lokalitet. Meland kommune ga 03.11.2015 dispensasjon for endra arealbruk ved Holmeknappen på vilkår av at det vert utarbeida konsekvensutreiling m.o.t. spørsmål om auka forureining på naturmiljø og auka fare for spreiing av sjukdom på villfisk og andre artar.

Etter innspel frå Kystverket Vest, jf. deira brev av 10.08.2015, er anleggskonfigurasjon endra slik at arealbruken ikkje skal kome i konflikt med lovverket Kystverket forvaltar med omsyn til å sikre tilstrekkelig areal for farlei og framkomelegheit i sjø.

Meland kommune Utval for drift og utvikling vedtok 17.12.2015 å leggje konsekvensutgreiing for flytting av matfisk anlegget ved Laksevika til ny lokalitet ved Trollholet ut på høyring og offentleg ettersyn. Ifølgje kommunen har dei i ettertid vore kjend med at biologisk mangfold på staden (Holmeknappen) er av ein slik karakter at anlegget lyt flyttast ytterleg 500-600 meter lenger søraust til sjøområde ved Trollholet. Anleggskonfigurasjonen vil vere tilsvarende det kommunen gav dispensasjon for 03.11.2015.

Fiskeridirektoratet region vest si vurdering

Flytting av matfiskanlegget frå Laksevika til ny lokalitet Trollholet vil medføre at anlegget vert trekt ytterleg ca. 500-600 meter lenger mot søraust frå opprinnelige omsøkte område ved Holmeknappen. Fiskeridirektoratet har ikkje registrert særskilde fiskeriinteresser i dette sjøområdet, og vi har såleis ikkje grunnlag for å hevde at dersom det vert gjeve dispensasjon for akvakultur, vil dette medføre vesentlig auka risiko for konflikt med fiske. Vi held fram at spørsmål kring endring av akvakulturområde primært bør løysast gjennom revisjon av kommuneplanen i staden for at ein fremjar dispensasjonssøknad. I denne saka meiner vi at spørsmålet til å löyse arealbrukskonflikten mellom forsvaret og Blom Fiskeoppdrett AS må tilleggas stor vekt, og på dette grunnlag rår vi til at kommunen gjev dispensasjon for endra arealbruk ved Trollholet.

Akvator AS har utarbeida konsekvensutgreiing (KU) for endring av anleggsplassering på oppdrag frå Blom Fiskeoppdrett AS. Hovudfokuset er sett på arealsituasjonen, men spørsmål til belasting på resipient og naturmiljø i sjø, er også blant tema som er teke opp gjennom KU'en. Konsekvensar for fiskeri er teke opp under kapittel 3.7, og Akvator konkluderer med at plassering av eit anlegg ved Trollholna ikkje kjem i konflikt med område som er viktige for fiske. Dette er samanfallande med Fiskeridirektoratet sin vurdering, og vi har ingen vidare merknader til denne konklusjonen. Konsekvensar for dyrevelferd, smittespreiing, resipienten og naturmiljøet i sjø er teke opp gjennom kapittel 3.8 og 3.10.

Vi har ikkje merknader til dei vurderingar og konklusjonar som Akvator har kome fram til, utover at dette er spørsmål som vil verte nærmare vurdert av dei einskilde sektorstyresmaktene i samband med handsaming av søknad etter Akvakulturlova. Fylkeskommunen kan her krevje KU av spørsmål og tema som dei, eller andre sektormynde, meiner ikkje er tilstrekkeleg opplyst om gjennom søknaden. Dette er også framheva i samandraget av Akvator si konsekvensutgreiing;

«Nærare undersøkingar og vurderingar knytt til biologi, miljø- og straumtilhøve på lokaliteten blir ein del av akvakultursøknaden. I denne søknadsprosessen vil løyve etter anna lovverk enn plan- og bygningslova for anlegget bli sett. Her vil òg vurderingar knytt til auka biomasse på lokaliteten bli vurdert».

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Meland Kommune

Postboks 79

5906

FREKHAUG

Kopi til:			
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd elingen	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL